



Balestrand kommune
Økonomiavdelinga

Finansdepartementet

postmottak@fin.dep.no

Vår ref.	Arkivkode	Deres ref.	Dato
14/1003-4/SF	203 &00		24.02.2015

MELDING OM VEDTAK - Høyringsfråsegn - overføring kommunal skatteinnkrevjing til Skatteetaten

Kommunestyret handsama i møte sak 3/15 Høyringsfråsegn - overføring kommunal skatteinnkrevjing til Skatteetaten

Fylgjande vedtak vart fatta:

Balestrand kommune meiner at skatteoppkrevjarfunksjonen framleis må vera ei kommunal oppgåve. Dette blant anna av di det er positiv samanheng mellom skatteinnkrevjing og kommunal innkrevjing og økonomistyring. Med ei overføring av skatteoppkrevjinga til staten vil kommunen dessutan miste kompetanse og innfordringsarbeidet vil bli mindre robust. Bortfall av denne funksjonen i kommunen vil også føra til at kommunane misser særnamskompetanse., Ein vil også miste tilgang til arbeidsgjevar-/arbeidstakarregisteret og SOFIE, noko som må til for å ivareta personvernomsyn. Konsekvensen/kostnaden av lågare effektivitet i kommunane er ikkje utgreidd av Finansdepartementet

Kvaliteten på skatteinnkrevjinga er god. På landsbasis blir 98,8 % av samla krav for dei viktigaste skatteartane betalt. Det er ei omfattande risiko ved omorganisering. Sjølv ei marginal svekking av innkrevjingsgraden vil føre til at inntektene vil bli redusert meir enn Finansdepartementet sitt anslag for innsparing ved statleggjering; til dømes auka skatterestansane i Danmark etter statleggjering frå 50 mrd i 2006 til 82 mrd. i 2012 ifølgje den danske Riksrevisjonen. Utrekning basert på rapport frå Oslo Economics viser at ved ein reduksjon i innkrevjingsgrad på 0,05 – 0,15 prosentpoeng vil framlegget frå departementet bli ulønsamt sjølv med foreslått reduksjon i tilsette.

Balestrand kommune meiner vidare at tidspunktet for å ta opp dette temaet er heilt feil. At framlegget er fremja som eiga sak uavhengig av det pågåande kommunereformarbeidet er uheldig og i strid med intensjonane for kommunereforma.

Balestrand kommune meiner det kan vera mogleg å forbetra tenesta. Dette kan gjerast innanfor ramma av framleis kommunalt og lokalt ansvar for skatteinnkrevjinga - og må dessutan sjåast i samanheng med kommunereforma.

Samrøystes.

Adresse:	Sentralbord:	57 65 12 00
Kong Beles veg 20	Telefaks:	57 69 12 05
6899 BALESTRAND	Bankgiro:	3805.07.00043
E-post: postmottak@balestrand.kommune.no	Bankgiro for skatt:	7855.05.14183
Internett: www.balestrand.kommune.no	Organisasjons. nr	970 184 252


Balestrand
inspirerer deg

Høyringsfråsegn - overføring kommunal skatteinnkrevjing til skatteetaten

Det vert vist til brev frå 4.12.2014 frå Finansdepartementet som vedkjem framlegg til overføring av skatteoppkrevjarfunksjonen (skatteoppkrevjinga) til Skatteetaten.

Framlegg om å overføra skatteoppkrevjinga til staten har vore fremja fleire gonger tidlegare, men saka har då anten ikkje vorte fremja frå tidlegare regjeringar eller blitt avvist av Stortinget. Balestrand kommune kan ikkje sjå at det kjem fram nye moment av betydning i Finansdepartementet si høyring. At framlegget fremjast som eiga sak uavhengig av pågåande kommunereformarbeid er også etter Balestrand kommune si meining uheldig og i strid med kommunereforma. Framlegget burde vore ein naturleg del av denne drøftinga/prosessen.

Balestrand kommune er opptatt av at skatteinnkrevjinga skjer på ein effektiv måte med høge krav til rettssikkerheit. Balestrand kommune kan ikkje sjå at overføring av skatteoppkrevjinga til staten gir nokon garanti for betre resultat. Skatteinnkrevjinga viser i dag gode resultat med ein innbetalingsgrad på om lag 99,8 i prosent av samla krav for dei viktigaste skatteartane. Dette er marginalt høgare enn innbetalingsgraden av den statlege innkrevjinga for meirverdiavgift (99,4 % i følgje statsbudsjettet). Skattedirektoratet gir ingen god grunn for at den statlege innkrevjinga av meirverdiavgift skal vera lågare enn resultatet for arbeidsgjevaravgift. I tillegg er det ein omfattande risiko ved omorganisering. Sjølv ei marginal svekking av innkrevjingsgraden vil føre til at inntektene vil bli redusert meir enn Finansdepartementet sitt anslag for innsparing ved statleggjering, jfr. skatterestansane i Danmark økte etter statleggjering frå 50 mrd kr i 2006 til 82 mrd. i 2012 ifølgje den danske Riksrevisjonen. Utrekning basert på rapport frå Oslo Economics viser at ved ein reduksjon i innkrevjingsgrad på 0,05 – 0,15 prosentpoeng vil framlegget frå departementet bli ulønsamt sjølv med foreslått reduksjon i tilsette, sjå NKK si heimeside: <http://nkkf.no/> . Ein skal ikkje undervurde at den høge aksepten for innbetaling av skatt heng saman med lokal-/kommunal innkrevjing – og med det nærheit til viktige offentlege tenester

Framlegget er ein kombinasjon av eit irreviserbelt framlegg og mangelfull utgreiing av gevinst og risiko for provenyrtap, jf. KS sin høyringsuttale:

«Skattedirektoratets utredningsarbeid er utført som en lukket prosess og har svakheter. Utredningen belyser i liten grad konsekvensene av innsparingsforslagene. Det har derfor ikke vært mulig å vurdere disse for KS. Den valgte tilnæringsmetoden innebærer i tillegg en mulig overvurdering av effektivitetsgevinstene ved at det ses bort fra at mye av disse kunne vært oppnådd med dagens oppgavefordeling, og da kanskje spesielt med interkommunalt samarbeid og ny kommunestruktur.»

I arbeidet med kommunereformarbeidet er målet å flytta makt og ansvar til større og meir robuste kommunar. Kommunalt ansvar for skatteoppkrevjinga har vore medverkande til at kommunen har bygd god kompetanse innan innfordringsarbeidet som vert nytta både ved innfordring av skattekrav og kommunale krav. Vi meiner at ved ei overføring av skatteoppkrevjinga til staten, vil kommunen missa kompetane og innfordringsarbeidet vil bli mindre robust. Bortfall av denne funksjonen i kommunen vil og føra til at kommunane misser særnamskompetanse, i alle fall i ein overgangsperiode. Ein vil og misse tilgang til arbeidsgjevar-/arbeidstakarregisteret og SOFIE, noko som må til for å ivareta personvernsomsyn. Konsekvensen/kostnaden av lågare effektivitet i kommunane er ikkje utgreia av Finansdepartementet.

Frå departementet blir det framhalde at rettssikkerheiten vil bli betre ved felles statleg innkrevjing. I dag blir rettssikkerheit ivaretatt ved at det er etablert eit klart skile organisatorisk og i høve ansvar når det gjeld fastsetting av skatten og på den andre sida innkrevjinga. Omsynet til rettssikkerheit tilseier at det må vera avstand mellom den som fastset og den som innkrev skatten. Dette er også slått fast som eit grunnleggande prinsipp i tidlegare utgreiingar og Stortingshandsamingar av skatteoppkrevjarfunksjonen.

Med helsing
Balestrand kommune
Svein Feidje
Sakshandsamar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift